



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 29

(2000-2001)

Om endringer på statsbudsjettet for 2000 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 17. november 2000,
godkjend i statsråd same dagen.*

1 Samandrag

I denne proposisjonen blir det gjort framlegg om å endre løyvingane på ulike postar under Utanriksdepartementets budsjett. For programområde 02 Utanriksforvaltning blir det gjort framlegg om endringar i løyvingane knytta til offisielle statsbesøk og kontingentar til internasjonale organisasjonar.

Innanfor utviklingshjelpa under programområde 03 blir det gjort framlegg om omfordelingar på 120,9 mill. kroner. Endringsforslaga innanfor utviklingshjelpa blir fremma for å få til mest mogeleg effektiv bruk av midlane i budsjettåret, og for å støtte viktige humanitære tiltak. Det er blitt ledige midlar til omfordeling på grunn av at ODA-godkjente utgifter til flyktningar i Norge i år blir mindre enn rekna med, jf. og omtale i St.prp. nr. 5 (2000-2001) frå Utanriksdepartementet, St. prp. nr. 27 (2000-2001) frå Kommunal- og regionaldepartementet og St. prp. nr. 15 (2000-2001) frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.

2 Framlegg til endringar

Kap. 103 Regjeringas fellesløyving for representasjon

Post 01 Driftsutgifter

Det vil i år bli fleire offisielle statsbesøk enn det som har vore vanleg tidlegare år.

Det blir gjort framlegg om ei tilleggsløyving på 2,2 mill. kroner.

Kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar

Ein gjennomgang av Noregs pliktige kontingentar til enkelte internasjonale organisasjonar i 2000 viser eit samla meirbehov på 40 mill. kroner. Meirbehova har i hovudsak samanheng med auka utgifter til FN's fredsbevarande operasjonar og endring av kursen på US dollar.

Det blir gjort framlegg om ei tilleggsløyving på 40 mill. kroner.

Kap. 140 Utanriksdepartementets administrasjon av utviklingshjelpa

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om å løyve 1,7 mill. kroner som kompensasjon for meir-utgifter i samband med lønsoppgjeret for 2000.

Kap. 141 Direktoratet for utviklingssamarbeid (NORAD)

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om å løyve 2,4 mill. kroner som kompensasjon for meir-utgifter i samband med lønsoppgjeret for 2000.

Kap. 142 NORADs administrasjon av utanriksstasjonane

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om å løyve 1,2 mill. kroner som kompensasjon for meir-utgifter i samband med lønsoppgjeret for 2000.

Kap. 143 Utanriksdepartementets administrasjon av utanriksstasjonane

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om å løyve 0,6 mill. kroner som kompensasjon for meir-utgifter i samband med lønsoppgjeret for 2000.

Kap. 150 Utviklingshjelp til prioriterte land og regionar

Post 73 Utviklingshjelp til Det palestinske område, kan overførast

I lys av den ekstraordinære situasjonen som har oppstått i palestinske område vil det vere behov for ulike strakstiltak, særleg for å kompensere for fysiske øydeleggjingar og bortfall av inntekter.

Det blir gjort framlegg om ei tilleggsløyving på 20 mill. kroner.

Kap. 161 Generelle stønader - FN-organisasjonar

Post 70 Tilskot til FN-organisasjonar

Det samla beløpet for tiltak mot aids gjennom det multilaterale systemet har dei seinare åra vore om lag 60 mill. kroner. Aids har utvikla seg til ei utviklingskatastrofe, spesielt i Afrika. Det er ønskeleg å auke støtta til multilaterale aids-tiltak, og det er behov for rask igangsetjing og gjennomføring av ei rekkje tiltak. Støtta vil bli gitt til UNAIDS sitt arbeid i Afrika og Verdsbanken.

Det blir gjort framlegg om ei tilleggsløyving på 10 mill. kroner.

Kap. 190 Humanitær hjelp ved naturkatastrofar

Post 70 Tilskot ved naturkatastrofar, kan overførast

I det siste har det vore nye naturkatastrofar - m.a. flaum i Sør-Asia og i landa langs Mekongelva i Sørøst-Asia. Det er såleis stort behov for auka naudhjelp.

Det blir gjort framlegg om ei tilleggsløyving på 30 mill. kroner.

Kap. 191 Menneskerettar, humanitær hjelp og flyktningetiltak

Post 70 Tilskot til menneskerettar, humanitær hjelp og flyktningetiltak, kan overførast

Det er stort behov for humanitær hjelp til naudlidande i Afrika og Asia/Midtausten.

I lys av situasjonen i grenseområda i Guinea og Sierra Leone arbeider UNHCR med å få overført 125 000 flyktningar frå Sierra Leone og Liberia lenge inn i Guinea. Det blir gjort framlegg om 6 mill. kroner til dette arbeidet.

Til hjelpetiltak i Kongo vert det foreslått å gi 7 mill. kroner til FN sin appell om støtte til m.a. arbeidsreiskapar og andre yrkesretta tiltak for kvinner.

Til hjelpetiltak for Burundi vert det foreslått å gi 10 mill. kroner til FN sin appell om hjelp til UNHCR sitt arbeid for flyktningane i Tanzania.

Vidare vert det foreslått 2 mill. kroner til UNHCR sitt arbeid på Aust/Vest-Timor og 10 mill. kroner til humanitære hjelpetiltak i Midtausten.

Det blir gjort framlegg om 35 mill. kroner i samla tilleggsøyving på posten.

Kap. 192 Fred, forsoning og demokrati

Post 71 Tilskot til ODA-godkjent land på Balkan og andre ODA-godkjende OSSE-land, kan overførast

Det er behov for auka innsats på Balkan, særleg sett i samanheng med stabilitetspakta. Stabilitetspakta er nyleg utvida med Jugoslavia som medlem. Den demokratiske utviklinga i Jugoslavia, spesielt i Serbia, har ført til eit monaleg auka behov for støtte til demokratiutvikling og institusjonsbygging. Det er viktig med rask gjennomføring av enkelte prosjekt i Jugoslavia, samstundes som regionale prosjekt blir utvida til også å gjelde Jugoslavia.

Det blir gjort framlegg om ei tilleggsøyving på 20 mill. kroner.

Kap. 195 Tiltak for flyktningar i Noreg, godkjent som utviklingshjelp (ODA)

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Det viser seg at dei ODA-godkjente flyktningeutgiftene i Noreg blir lægre enn det som vart anslått i St. prp.nr. 5 (2000-2001). Nye utrekningar frå Kommunal- og regional-departementet og Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet tilseier at desse utgiftene blir ytterlegare 120,9 mill. kroner lægre. Det blir difor gjort framlegg om at 120,9 mill. kroner kan omdisponerast til andre utviklingstiltak, jf. omtale ovanfor.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringer på statsbudsjettet for 2000 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar på statsbudsjettet for 2000 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringer på statsbudsjettet for 2000 under kapittel administrerte av Utanriksde- partementet.

I

I statsbudsjettet for 2000 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
103		Regjeringas fellesløyving for representasjon	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	2 200 000
		frå kr 5 200 000 til kr 7 400 000	
116		Deltaking i internasjonale organisasjonar	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, vert auka med	40 000 000
		frå kr 590 496 000 til kr 630 496 000	
140		Utanriksdepartementets administrasjon av utviklingshjelpa	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	1 700 000
		frå kr 114 400 000 til kr 116 100 000	
141		Direktoratet for utviklingssamarbeid (NORAD)	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	2 400 000
		frå kr 149 250 000 til kr 151 650 000	
142		NORADs administrasjon av utanriksstasjonane	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	1 200 000
		frå kr 185 825 000 til kr 187 025 000	
143		Utanriksdepartementets administrasjon av utanriksstasjonane	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	600 000
		frå kr 84 150 000 til kr 84 750 000	
150		Utviklingshjelp til prioriterte land og regionar	
	73	Utviklingshjelp til Det palestinske område, <i>kan overførast</i> vert auka med	20 000 000
		frå kr 135 000 000 til kr 155 000 000	
161		Generelle stønader FN-organisasjonar	
	70	Tilskot til FN-organisasjonar, vert auka med	10 000 000
		frå kr 1667 000 000 til kr 1677 000 000	
190		Humanitær hjelp ved naturkatastrofar	

	70	Tilskot ved naturkatastrofar, <i>kan overførast</i> vert auka med	30 000 000
		frå kr 185 000 000 til kr 215 000 000	
191		Menneskerettar, humanitær hjelp og flykningiltak	
	70	Tilskot til menneskerettar, humanitær hjelp og flykningiltak, <i>kan overførast</i> , vert auka med	35 000 000
		frå kr 1 256 200 000 til kr 1 291 200 000	
192		Fred, forsoning og demokrati	
	71	Tilskot til ODA-godkjente land på Balkan og andre ODA-godkjente OSSE-land, <i>kan overførast</i> , vert auka med	20 000 000
		frå kr 490 000 000 til kr 510 000 000	
195		Tiltak for flykningar i Noreg, godkjent som utviklingshjelp (ODA)	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med	120 900 000
		frå kr 985 300 000 til kr 864 400 000	
